

Til Lindås Kommune

06.10.2015

## Uttale til Mangerbua II med reguleringsendring- Offentleg ettersyn

Den funksjonelle strandsona må takast betre vare på i Alversund og i denne planen.

Alvermarka Velforening og Ikenberget Velforening meiner på det sterkaste at dei to nordlegaste tomtane i B5 må gå inn i friluftsområde O\_FLF2. Dette vert då ein naturleg buffer mot den mykje brukte turstien som i dag går mellom Mangerbua og Alversund skule. Denne stien ser ein tydleg på plankartet. Det vil vera svært uheldig å etablera hus så nært denne mykje brukte turstien i Alvermarka og i Alversund. Den funksjonelle strandsona må Lindås kommune ta omsyn til her. Det er no toget går. Frittliggjande bustadar her elles kan akspeterast, men dei må ikkje verta for høge.

Alvermarka Velforening og Ikenberget Velforening meiner at tilkomstvegen til B5 må slutta før leikeplass f\_L2 og ikkje gå til der planområdet sluttar på plankartet. Å avslutta vegen i plangrensa viser kva framtidig utbygging noko som planlegg her tenkjer om området lenger nord og det er me ikkje samde i. Den funksjonelle strandsona vert og teke betre vare på er med dette enkle grepet.

Alvermarka Velforening og Ikenberget Velforening meiner at område BB- Lågblokkbustadar må takast ut og verta frittliggjande bustadar slik resten av feltet er og som den tidlegare planen viser. Dette av omsyn til landskapet, naturen og starandsona her. Dette er inngangsporten til den vakre Alverstraumen. Å leggja ein slik høg «lågblogg» her vil skjemma den vakre strandsona mot Alverstraumen og Alversund. Det bør heller ikkje etablerast meir enn maks seks bustadeiningar her.

Byggehøgder her skal ikkje overstige kote 27. Dette er viktig av landskapsomsyn og av omsyn av folk som skal gå på vegen bak husa her og som ynskjer å sjå sjøen og sola her om vinteren.

**Rekkefølgekrav:** Det må etablerast ein strandsti før igangsettingsløyve til fritliggjande og andre bustadar vert gjort i B5 og BB området. Elles kjem strandstien aldri, og område framfor bustadane vert privatisert slik dei alt no er vorte elles i feltet der husa no er kome opp her. Dette går ut over alle, både dei som bur her og andre i Alversund som no snart har mista alt av den funksjonelle strandsona si. Me vonar at politikarane i Lindås vil støtta oss her og vera på linje med innbyggjarane i dette store bustadområdet. Dett vil vera positivt for både barnehagane, skulane og for turfolk som bur i området.

**Føresegn 10.2 og 10.5 må endrast slik som vist under:**

10.2 - Før det kan gjevast igangsettingsløyve for nye bustadar i B5 og BB må opparbeiding av strandsti/promenade vera gjennomført.

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
13. 10. 2015	
Ark. saknr. 14/1809	Løysnr.
Saksnr.	Tilleggsaknr.

10.5 – Før det vert gjeve bruksløyve eller ferdigattest til nye bueiningar innanfor B5 skal leikeareal f\_L2 og strandsti/promenade vere ferdig opparbeidd.

Alvermarka Velforening og Ikenberget Velforening ber om at planutvalet kjem på synfaring her før planen skal godkjennast. Dette for å få på plass eit klart vedtak for å få på plass dei naudsynte endringane i føresegnene og på plankartet. Dette for å kunne ta omsyn til den funksjonelle strandsona og ålmenta sin trong for ein strandsti her før utbygginga vidare byrjar og før nye hus vert ført opp. Elles er ikkje føresegna og plankartet til denne planendringa verd papiret det står på.

  
Arne Magnus Leveg  
Alvermarka Velforening

  
Tor Arud Sim  
Ikenberget Velforening